

---

Saksnr: 2019/11-121  
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		09.11.2021

**Utpeiking av medlemmer til nyetablert valkomité i Carte Blanche AS**

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidatar til vervet som medlem av valkomiteen i Carte Blanche AS:

Medlem:  
Medlem:  
Medlem:

Samandrag

Carte Blanche AS er eit nasjonalt kompani for samtidsdans, eigd av staten, Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.

I juni 2021 vedtektsfesta generalforsamlinga at selskapet skal ha valkomité. Vestland fylkeskommune skal, ved første gongs oppnemning, føreslå tre kandidatar til komiteen.

Selskapet legg opp til val av valkomiteen på ekstraordinær generalforsamling i selskapet 01.12.21.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Carte Blanche AS er eit nasjonalt kompani for samtidsdans, eigd av staten, Vestland fylkeskommune og Bergen kommune. Fylkeskommunen og Bergen kommune eig 15 % kvar av aksjane, medan staten eig resten.

I juni 2021 vedtektsfesta generalforsamlinga at selskapet skal ha valkomité og vedtok samstundes retningslinjer for valkomiteen.

Vedtektene § 5 seier no følgjande om val av valkomité og komiteen sine oppgåver:

*«Generalforsamlingen skal velge valgkomité og fastsette retningslinjer for valgkomitéen. Valgkomitéen skal ha 4 medlemmer. Ved første gangs oppnevning skal tre bli oppnevnt etter forslag fra Vestland fylkeskommune og en etter forslag fra Bergen kommune. Generalforsamlingen skal også velge valgkomitéens leder og nestleder. Tjenestetiden for valgkomitéens medlemmer er fire år. Et medlem av valgkomitéen kan ikke gjenvelges mer enn to ganger.*

*Valgkomitéen skal fremme forslag til generalforsamlingen om:*

- 1. Medlemmer og varamedlemmer til styret*
- 2. Styrets leder og nestleder*
- 3. Medlemmer til valgkomitéen*
- 4. Godtgjørelse til styrets medlemmer.*

*Styret fremmer forslag om godtgjørelse til valgkomiteens medlemmer.»*

Av retningslinjene går det m.a. fram at valkomiteen

- skal sikre at han har tilgang til nødvendig kompetanse med tanke på dei oppgåvene komiteen har ansvar for. Valkomiteen har høve til å trekke på ressursar i selskapet, eller hente råd og tilrådingar frå kjelder utanfor selskapet
- skal vurdere behov for endringar i samansetninga av styret og valkomiteen, og skal ha kontakt med alle eigarane, styret, og den daglege leiinga. Styret si eignevaluering bør handsamast særskilt av valkomiteen.
- i sitt arbeid skal gjere aktive søk mot eigarfellesskapet og forankre innstillinga si hjå dei
- skal setje saman styret slik at det kan ivareta eigarane sine interesser, selskapet sine behov for kompetanse, kapasitet og mangfald, slik at styret kan fungere godt saman som eit kollegialt organ, og slik at styret kan handle uavhengig av særinteresser (minst to av medlemene skal vere eigaruavhengige)
- skal, innan fristen for innkalling til generalforsamlinga, kome med ei grunngeven innstilling med nærmare spesifisert informasjon om kandidatane

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til valnemnder i selskap, utan innstilling frå valnemnda, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5.

### Vurderingar og verknader

Valnemnda si samansetjing bør vere slik at eigarfellesskapet sine samla interesser vert ivaretekne, og slik at komiteen samla sett har nødvendig kompetanse til å utføre oppgåvene sine. Nemnda bør vere uavhengig av styret og leiande tilsette.

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje direkte relevant

### Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at fylkesutvalet peiker ut tre kandidatar til valkomiteen som vil jobbe for at eigarfellesskapet sine samla interesser vert ivaretekne, og slik at komiteen samla sett har nødvendig kompetanse til å utføre oppgåvene sine. Nemnda bør vere uavhengig av styret og leiande tilsette.